



Fjelly slik hytta var i 1918 Foto: Bjørne Myklebust

Hyttestyret inviterer til informasjonsmøte i morgon, tysdag 24. januar kl. 19 i Helgheim. I samaband med 100 årsjubileet til Fjelly, ynskjer vi å samle inn gode historiar og bilete frå 1917 og fram til i dag. Det innsamla materialet er tenkt nytta i eit hefte eller bok som skal plasserast på Fjelly. Hytta Fjelly 100 år vert markert på fjellet ei helg i mai månad.

Møte i morgon, tysdag, er tenkt å vera eit informasjonsmøte der ein vil sei noko om framgangsmåten. Tysdag 7. februar, om to veker vil vi prøva med ein 'skannerkveld' der dei som har aktuelle bilete kan møta fram å få skanna bileta på staden.

Dei skanna bileta vert også registrert inn i Uskedal Ungdomslag sitt biletarkiv.

Vi har utstyr for å skanna opptil A4 bilete, glasplater og lysbilete/slides.

Om nokon har 8mm film er dette også av interesse.

Interessante tema kan vera:

- Samlingar/festar på hytta
- Skuleklassar og andre grupper
- Bygging og restaurering
- Fiske, naustet og båt

- Tekstar, songar skrivne på og om hytta

Finn fram det du har og som du trur kan vera interessant. Kom på infomøte tysdag 24. jan. kl. 19 i Helgheim.



Eit av dei nyaste bileta i samlinga, tatt når naustet var nytt 1976. Foto: Kristian Bringedal

Tekst: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto

Nett: Hans Ordin Østebø